



LINDÅS KOMMUNE



Teknisk drift
 Besøksadresse:
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no
 Heimeside: www.lindas.kommune.no
 Kartside: www.nordhordlandskart.no
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Sitha VVS Team A/S v/ Terje Hansen

Klauvaneset 81
 5108 HORDVIK

Dykkar ref. Sakshandsamar:
 Kari Elisabeth Iø

Vår ref. Telefon
 2008/370 - 0 - 56 37 56 77
 29005/2012

Arkivkode: Dato:
 103/34 10.12.2012

**Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg for fritidsbustad.
 Tor Helge Johannesen - Gbnr. 103/34 - Fjellanger (Fjellangersvingane 39).**

Vi viser til søknad m/vedlagt situasjonsplan, motteke 29.06.12.

Type arbeid : Tilkopling til kommunal vassleidning og etablering av tett tank for avlaupshandtering (sjå løyve gjeve av byggesak 06.12.12).

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Vi ber om at De tek kontakt med vår driftsavdeling før oppstart av arbeidet, for å bli einig korleis det skal gjerast. Kontaktperson Arne Helgesen, tlf. 959 45 434.

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.
 Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonment sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.
 Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Faktura for tilknytingsgebyr vatn følgjer vedlagt til eigar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøka dette før oppstart.

Med helsing

for

Arne Eikefet
 einingsleiar teknisk drift

Kari Elisabeth Iø
 saksbehandler

Kopi til: Tor Helge Johannesen, Grønebakkane 71, 5363 Ågotnes
 Teknisk drift v/ Arne Helgesen

DER DRUMAR BLIR RØYNDOM





Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567



SITHA VVS Team AS att. Terje Hansen

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Klauvaneset 81
5108 HORDVIK

Vår ref.
2008/370 - 0 -
28787/2012

Telefon

Arkivkode:
103/34

Dato:
06.12.2012

Delegert sak

Endringsløyve fra minirensesanlegg til tett tank på GBnr 103/34-Fjellanger

Løyve til tiltak som krev ansvarsrett.

Administrasjonen syner til søknad om endring frå minirensesanlegg til etablering av tett tank for avlaupshandtering frå fritidsbustad på GBnr 103/34.

Delegasjonssak:

Kommunen gjev løyve til etablering av tett tank, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Det søkjast også om tilkobling til kommunal vassleidning. Det vert med dette gjeve løyve til arbeid knytt til tilkopling og etter pbl, på vilkår av at det vert gjeve løyve til tilkopling.

Det skal sendast inn søknad om tilkopling til Kommunal vassleidning til Teknisk Drift hos kommunen.

Løyve er gjeve på fylgjene vilkår:

- Tanka skal plasserast der slamavskiller er plassert i dag, jf Kommunens VA-kart.
- Det skal innsendast ein driftsavtale til kommunen. Der det dokumenterast at eit godkjent firma står ansvarleg for tømning av tank, og det dokumenterast hyppighet av tømning. Denne sendast inn ved søknad om ferdigattest.
- Tanken må kunne tømmast i samsvar med slamtømmeforskrifta i Lindås Kommune. Det må dokumenterast at krava i forskrifta er stetta elles fell løyve.

Vidare vert det vist til anbefalingar ved etablering av tett tank:

- Det bør installerast nivåvarslar i tanken (lyd- og lysalarm for full tank).
- Tank bør være laga av glassfiberarmert polyester (GUP) godkjent etter NS 1545.
- Enkelte kommuner krev at det installerast vannsparande toalett. Dette er ikkje ein praksis i Lindås kommune, men ein generell anbefaling.

Utslepp:

Med heimel i Forskrift om begrensning av forurensing fastsett 01.06.2004,

(forureiningsforskriften), vert det gjeve endringsløyve for utslepp.

Endringa går frå utslepp til minirensesanlegg, til utslepp til tett tank.

Administrasjonen vurderer denne endringa som liten, og at den ikkje medfører økt fare for forureining eller andre forhold som er i strid med Forureiningsforskrifta.

Dispensasjon:

Statens Vegvesen gjev dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 398, for plassering av tett tank med ein avstand på ca 4 meter til vegkant.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».



Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
SITHA VVS Team AS	L S S	SØK Ansvarleg søker PRO Utvendig VA-anlegg 1 (allereie gjeve ansvarsrett) UTF/KUT Utvendig VA_anlegg 1 (allereie gjeve ansvarsrett)

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Denne søknaden er eit ledd i søknad om rehabilitering av fritidsbustad. Løyve vart gjeve i 2008. Den 16.03.2012 vart det søkt om endring av overnemnde løyve mht minirensaneanleggets plassering og for ansvarsrettar knytt til løyvet.

I juni dette år vert det igjen søkt om endring av løyve. Denne gång frå minirensaneanlegg til tett tank. Dette løyve omhandlar endring i frå minirensaneanlegg til tett tank.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Uttale frå andre mynde

Statens Vegvesen har gjeve dispensasjon i frå byggjegrense mot fylkesveg. Plassering av tiltaket er godkjent til ca 4 meter i frå vegkant.

Plassering og høgdeplassering

Det ligg føre løyve om dispensasjon for plassering av tanken innafor byggjegrense mot fylkesveg. Det er gjeve løyve til å plassere tanken ca 4 meter i frå vegkant.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Oppsummering og konklusjon

Det søkjast om endring i frå minirensaneanlegg til tett tank, med tømning.

Det søkjast og om tilkopling til kommunal vassleidning. Denne skal sendast inn til Teknisk Drift. Arbeid knytt til tilkopling, og etter pbl vert godkjent med dette løyve, på vilkår av et tilkoplingsløyve i frå Teknisk Drift.

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne løyve om endring i frå minirensaneanlegg til tett tank, med de vilkår seft i dette løyve.

Gebyr

Søknadspåleggte tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2b1 Tilleggsgebyr lite	1	2.600
Totalt gebyr å betala	1	2.600

Det vert gjeve fritak frå gebyr for utsleppsløyve. Administrasjonen finn at det vil vere urimeleg å gjev nytt gebyr, ved kun ein mindre endring av allereie gjeve utsleppsløyve.

Tilhøvet til anna lovverk og private rettstilhøve

Løyvet er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å byggja i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Bortfall av løyve

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen å løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast, jf pbl § 21-9 første ledd.

Ferdigattest (teikningar av utført tiltak og endeleg plassering)

Søknadspåleggte tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som blir skriva ut av plan- og bygningsstyresmaktene, når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå tiltakshavar, jf pbl § 21-10.

Plan- og bygningsstyresmaktene skal ha teikningar som viser tiltaket slik det er utført.

Eventuelle endringar frå tidlegare godkjente teikningar skal identifiserast, slik at plan- og bygningsstyresmaktene kan vurdere endringane før ferdigattest vert gjeve, jf byggereglane SAK §§ 8-1 og 8-2.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at plasseringa blir i samsvar med løyvet.

Plan- og bygningsstyresmaktene kan unntaksvis skriva ut førebels bruksløyve når vilkåra i plan- og bygningslova § 21-10 ligg føre.

Vi gjer spesielt merksam på

Kjem det klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen. Klagehandsaminga kan medføre at vedtaket blir endra. Igangsetting før klage er avgjort skjer difor på eiga risiko/ansvar.

Installasjonar (røyr, kablar, leidningar) i bakken må ikkje skadast.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Kopi til:

Tor Helge Johannesen Grønebakkane 71 5363 ÅGOTNES



Tor Helge Johannesen
Grønebakkane 71
5363 Ågotnes

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/370 - 11481/2008	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	103/34	14.05.2008

Delegert sak

Løyve til tiltak - rehabilitering av og utviding av hytte og utsleppsløyve - Tor-Helge Johannesen gbnr 103/34 Fjellanger

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, datert 10.02.2008 og vedlagt:

- teikningar
- situasjonsplan
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- Søknad om utsleppsløyve

Saksutgreiing/Vurdering:

Byggearbeidet vart sett i gang utan at det var sendt inn søknad eller melding. Sjølv om tiltakshavar har oppfatta det slik, at arbeidet kjem inn under rehabilitering, er endringa av bygningen er så omfattande at tiltaket utan tvil kjem inn under søknad, og kommunen måtte ta opp saka som ulovleg byggearbeid. Hytta er utvida til 72 m². Takforma er endra frå flatt tak til pulttak.

Det er også søkt om **utsleppsløyve** for WC. Det er søkt om utslepp via slamavskiljar til sjø, men dette er ikkje tilstrekkeleg reinsing for utslepp til denne resipienten. For Fjellangerpollen var reinsekravet etter den tidlegare lokale forskrifta for avløpsanlegg følgjande: biologisk og kjemisk minireinseanlegg klasse 1 eller 1F (F står for fritidsbustad), før utslepp via tett leidning til godkjend djupne i sjø. Nemnde forskrift vert brukt som rettleiande for handsaming av utsleppssøknad etter *forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12*, som tok til å gjelda 1.1.2007. Den lokale forskrifta vart oppheva frå same dato, og det er ikkje fastsett ny. Saka skal difor handsamast etter den landsdekkande forskrifta.

Grunnlaget for å setta reinsekrava i lokal forskrift i 2003, var observasjonar av området og resipientgranskingar på 90-talet. Resipienttilstanden for Fjellangerpollen vart vurdert som

(forts.)

svært dårleg. Det er ikkje grunn til å anta at forholda har endra seg vesentleg, og søkjar har ikkje lagt fram dokumentasjon på at slamavskiljar er tilstrekkeleg reinsing for utslepp til denne resipienten. **Det vert difor stilt krav om biologisk og kjemisk minireinseanlegg klasse 1F** (anlegg godkjent for fritidsbustad).

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. SAK§23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for søknadssaker etter Plan- og bygningslova på 12 veker. Saka er ikkje handsama innafor fristen sitt utløp. I samsvar med rundskriv H-13/04. pkt.1., vert gebyret redusert 25% pr. veke etter svarfristen sin utløp.

"Fullstendig søknad i overensstemmelse med krav i forurensningsforskriften § 12-7 til § 12-13 skal avgjøres av kommunen innen seks uker"

Fristen er gått ut og kommunen sitt krav om gebyr vert redusert med 50% for byggesøknaden og fell heilt bort for utsleppssøknaden.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Gebyrtype	Sats	Reduksjon	
C3.3. Basisgebyr søknad andre bygg	6.200	- 50%	3.100,-
C5.1 Påpeiking av ulovleg byggearbeid	2.100	0	2.100,-
G2. Utsleppsløyve	3.800	- 100%	0
SUM			5.200

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Med heimel i *forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12*, vert det gjeve utsleppsløyve for typegodkjent, prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg (klasse 1F) før utslepp gjennom tett leidning til minst 10 meter under fjæra sjø, eller til via etterpålering til vassdrag med heilårsvassføring.
Det skal sendast inn avtale om levering og service på minireinseanlegg.
Det vil ikkje verte gjeve bruksløyve før avtale om levering og service på minireinseanlegg ligg føre. Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve
2. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning **dersom dette vert utbygt i området.** Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

(forts.)


Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK UTF/KUT	Tømrerarbeid	Tor Helge Johannesen, sjølvbyggjar
PRO/KPR	VVS-arbeid	Lindås Rør & Sanitær AS
UTF/KUT	VVS-arbeid	Lindås Rør & Sanitær AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll